



Nyhendebrev – sommaren 2025

Kjære ressurssjukepleiar og leiar i nettverket!

To gongar i året sender vi ut nyhendebrev for å gje dykk ei oppsummering på aktiviteten som har vore i nettverket siste halve året, informere om planane framover og gje dykk aktuell informasjon frå fagfeltet. Send gjerne brevet videre til kollegar på din arbeidsstad, eller legg eit eksemplar på vaktrommet for å synleggjere kva de er ein del av 😊

Kva gjer dagen til ein god dag?

I ein hektisk og travel kvardag, går vi no inn i ein periode av året mange kanskje kvir seg til. Det er ferieavvikling og mange arbeidsstadar har mindre fagpersonell i periodar. Ein kan kjenne på kjensla av å ikkje strekke til, samt at mykje ansvar ligg på dine skulder då det er mange arbeidsoppgåver som må utførast i løpet av ein dag. Pasientane treng god lindring og kreftomsorg sjølv om det er ferietid. Still gjerne spørsmålet «Kva kan gjere dette til ein god dag?» og «Kva kan eg bidra med som kan gjere dagen til ein god dag?». Stopp opp i arbeidet ditt når du kjenner det tynges som mest, trekk pusten djupt og senk skuldrane – «Kva er viktig akkurat no?» Eit vennleg smil og eit nikks kan være med å gjere dagen til ein god dag. Det er ofte desse små handlingane vi seier eller gjer, som verkeleg betyr noko.



Kva har skjedd sidan sist?

Nytt for heile regionen

Vi har arbeida fram ny strategi for nettverket som er sendt brent ut til ressurssjukepleiarar, leiarar og samarbeidspartar i hele regionen. Strategien er tilgjengeleg på nettverket si nettside, og vi håpar strategien kan bidra til ei auka bevisstgjering om nettverket si betydning – både lokalt og regionalt.

Lokale nettverksmøter i sjukepleienettverket

Vi har hatt 3 nettverkssamlingar denne våren. Gruppa i Sogn hadde samling i Lærdal, Nordfjordgruppa i Svelgen og Sunnfjord/Kinn/Ytre Sogn hadde samling i Florø. Tema og undervisning på samlingane var “Skal vi kunne velge sjølv”? Om legeassistert sjølvmort og eutanasi. Undervisning ved Dagny Faksvåg Haugen professor emerita ved UIB.

Digitalt
introduksjonskurs
for nye leiarar
22. april hadde vi
digitalt
introduksjonskurs for
nye leiarar. Eit kurs



på 1,5 time der dei fekk informasjon om mandat for fagnettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling, funksjon og ansvarsbeskriving til ein ressurssjukepleiar og leiar. 19 leiarar deltok.

Fysio- og ergoterapinettverket

Helse Førde er i oppstarten med å etablere eit eige nettverk av fysioterapeutar og ergoterapeutar innan kreftomsorg og lindrande behandling. Det har i fleire år vore eit ønske om eit slikt nettverk. I byrjinga av juni var det på nytt eit møte mellom aktuelle parter, og det blei bestemt ein forsiktig oppstart av nettverket.

På lista i dag er det ca. 10-12 som er ressurspersonar innan fysio- og ergoterapi. Dei vil etterkvart bli å finne registrert i Pallnet.no.

Målet med nettverket er:

Kompetanseheving og samhandling slik at kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling møter fysio- og ergoterapeutar som kan gje god kvalitet og tryggleik på tenestene som pasientane treng.

Ressurspersonane vil få tilbod om:

1. Deltaking på årleg fagdag saman med ressurssjukepleiarane
2. Digital undervisning saman med dei andre nettverka i Helse Vest

Det er eit ønske om å få med ein fysio- eller ergoterapeut frå kommunehelsetenesta, som kan tenke seg å være med i driftsgruppa for nettverket. Kjenner du nokon som du kan oppmuntre til å bidra? Tips Camilla eller Marthe om desse, så kan vi formidle vidare.

Vi håpar at du som er ressurssjukepleiar kan være med å bidra til å gjere kjent det nye nettverket, og at du aktivt inviterer med lokal fysio- og ergoterapeut til samlingar som vert arrangert i regi av nettverket for sjukepleiarar.

Planar for hausten

➤ **Introduksjonskurs 30. september**

Kurset er for nye ressurssjukepleiarar som tidlegare ikkje har vore på introduksjonskurs. Vi sender ut invitasjon så snart den er klar.

➤ **Grunnkurs i palliasjon 11. november**

Dette kurset er for nye ressurspersonar i nettverk innan kreftomsorg og lindrande behandling, og som tidlegare ikkje har delteke på fagdag i grunnleggjande palliasjon. Kurset er også for helsepersonell som møter palliative pasientar i primær- og spesialisthelsetenesta. Du finn informasjon om påmelding til kurset på nettsida vår.

➤ **Planlagde nettverksmøter for ressurssjukepleiarar:**

Sogn: 14.10.25

Nordfjord: 21.10.25

Sunnfjord/Kinn/ytre Sogn: 28.10.25

I haust skal vi ha tema: Eldre og kreft- om pasientsentrert kreftomsorg.

Det er også høve til å delta på fagkveld i regi av kreftavdelinga Helse Førde. Invitasjon er sendt dykk alle på e-post.

Du som er ressurssjukepleiar er viktig både for nettverket og for din arbeidsstad. Sett av dato og informer din leiar, dersom det ikkje allereie er gjort. Møta er obligatoriske.

Aktuell informasjon og nyttig å vite

➤ **Hald oss oppdatert!**

Har du fått ny leiar, nytt telefonnummer eller er ferdig med studie? Meld frå til Camilla eller Marthe om endringar, slik at vi får riktige opplysningar i www.pallnet.no

- **Medikamentskrinet for symptomlindring i livets sluttfase** er oppdatert. Den årlege gjennomgangen av innhaldet i medikamentskrinet er nå fullført. Det er gjort få endringar, men den viktigaste gjeld algoritmen for behandling av surkling i øvre luftvegar.
- Tilskotsordning **Kompetansehevande tiltak for lindrande behandling og omsorg ved livets slutt** gjev kommunar høve til å søkje støtte til prosjekt som styrkar kvalitet og kompetanse i palliative tenester. Søknadsfrist er 1. mars. Pågåande prosjekt i vår region finner de på KLB sine nettsider, under kommunale prosjekt. Ta gjerne kontakt med KLB ved spørsmål.
- **Modellen for heimetid og heimedød er publisert**
Modellen er utvikla i samarbeid med fire kommunar og støtta av Helsedirektoratet og Senter for Omsorgsforskning. Målet er å gje andre kommunar inspirasjon og verktøy til å utvikle eigne lokale modeller for heimetid og heimedød. [Link til rapporten Modell for hjemmetid og hjemmedød.](#)
- **Nye temahefter om lindrande behandling og omsorg**
Frå hausten 2025 skal to nye temahefter om lindrande behandling bidra til å heve den grunnleggande palliasjonskompetansen hos helse- og omsorgspersonell i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Dei nye temahefta erstattar «Digital opplæringspakke - Lindrende behandling og omsorg ved livets slutt».

Verdsdagen for lindrande behandling

Dagen vil bli markert på «Stafett for livet» 6. - 7. september i Førde.

Har du som ressurssjukepleiar lyst og anledning å være med å markere denne dagen saman med oss er du hjarteleg velkommen. Meld frå til Camilla eller Marthe.

Aktuelt frå Kreftforeningen

Pårørandekveld er eit nytt tilbod på Vardesenteret. Meir om dette og andre tilbod på Vardesenteret kan du lese om [her](#).

Kreftforeningens rådgivningstjeneste – og andre tilbod frå Kreftforeningen finn du her:

[Kreftforeningen.no](#)

Montebellosenteret

Montebellosenteret tilbyr kurs og opphold for kreftpasientar og pårørande. Sjå oversikt over aktuelle kurs og søkerinformasjon på [montebellosenteret.no](#)

[Ny kreftstrategi 2025-2035](#)

Kurs og konferansar

[22. landskonferansen i kreftsykepleie «Når livet tar ukjente veier»](#), 17. -19. september 2025, Bergen.

På **KLB sine nettsider**, under kurs, seminar, konferansar og webinar finn du webinar tilgjengeleg, i regi av International Collaborative for Best Care for the Dying Person: [Webinars | Best Care for the Dying Person](#).

Digital kursserie om lindrende behandling

«Den lille forskjellen»: en gratis digital kursserie om lindrende behandling, som Utviklingssentre for sykehjem og hjemmetjenester i fellesskap arrangerer gjennom året.

<https://www.utviklingssenter.no/kunnskapsbanken/digital-kursserie-om-lindrende-behandling>

Til slutt

Tusen takk for innsatsen, engasjementet og faglege bidrag i kvarldagen! Kvar og ein av dykk er svært viktige for nettverket, både som ressurssjukepleiar og som bindeledd mellom kunnskap og praksis.

Vi som driftar nettverket ser fram til å følgje nettverket vidare inn i hausten. Vi håper på eit fortsatt godt samarbeid og ser fram til kurs og nettverksmøter.

Med helsing Camilla og Marthe

Håndtrykket:

Gå sakte menneske
Søk en høyere gjerning
Trykk den lidendes hånd
Gi ham din hånd
Han som står rådløs
ved vegkryssene din bror
Håndtrykk lønnes ikke
med kongens mynt min venn
for håndtrykk lønner seg selv
Det er fødsel
at to hender møtes
Den høyere gjerning fødes
Gå sakte og let
etter de rådløse hender
Hvert håndtrykk føder en stjerne
-Arnold Eidslått-